



Nyhendebrev 3/2023

## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem nyhendebrev nr. tre frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar, sank, slått og avlingssvikt. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar i tredje kvartal 2023

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme	
		Gloppen	Stad
	<b>Felles for Gloppen og Stad</b>		
Drenering	Løpande	200.000	200.000
Tilskot til skogkultur	Løpande ( <i>1. sept. for vårplanting om du vil ha ekstra klimatilskot</i> )	100.000	100.000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	1.500 000	<i>Uavklara i skrivande stund</i>
Produksjonstilskot (PT)	15. oktober		
Regionalt miljøtilskot (RMP)	15.oktober (kan søkje allereie den 15.september)		
Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	1. september (restmidlar)	Rest 272.813,-	Rest 106.680,-

### Drenering

Drenering er god agronomi! Vassjuk jord gjev mindre avling, auka køyreskadar og seinare opptørking etter mykje nedbør. Det er derfor berre gode argument for å gjere jobben.

Frå 1.juli vart satsane endra til kr 4.000/daa for systematisk grøfting og kr 61 pr. løpometer usystematisk grøfting. Dei som har fått innvilga tilskot og **IKKJE** har starta arbeidet kan trekke søknaden og søkje på nytt med auka satsar. Ta kontakt med landbrukskontoret for spørsmål om dette. Det framleis rikeleg med midlar i potten, så det er berre å hive seg rundt og søke! [Du søker via Landbruksdirektoratet si nettside.](#)



Drenering. Foto: Arvid Gil, Breim.

## Driveplikt

Statsforvaltaren har siste året hatt fokus på driveplikta på landbruksareal. Driveplikta omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Ved å krysskøyre areal på gardskartet og areal som er søkt om produksjonstilskot på, kjem det fram nokre avvik. Kommunen har sendt melding til eigarane av desse eigedomane og bede om tilbakemelding på korleis arealet drifta eller eventuelt ikkje drifta. For eigarar av landbrukseigedom som ikkje har sjølvstendig drift er ei jordleigeavtale ein god måte å dokumentere at driveplikta vert oppretthalde. Kommunen har malar for jordleigeavtale som ein kan få om ein ynskjer det.

## Innovasjon Noreg

Jordbruksavtalen vart vedteke i Stortinget i juni og Innovasjon Noreg melder at det var eit godt oppgjær, spesielt for mjølkeprodusentar i Vestland.

Nokre av endringane som gjeld Investering og Bedrifts-Utviklingsmidlar (IBU) for inneverande år er som følgjer:

- Tilskot inntil 50 % og inntil 5 mill. for ombyggingsprosjekt frå båsdrift til lausdrift. Denne endringa trådte i kraft 1. juli i år.
- Heving av maksimal tilskotssats for utbygging av gjødsellager frå kr 200.000 til 250.000 kr. Normalt inntil 25 % av godkjend kostnadsoverslag. Denne endringa trådte òg i kraft 1. juli.
- Frå 2024 kan eit felles lager for bioest knytt til biogassproduksjon få eit tilskot på kr 200.000 per landbrukseigedom som er medeigar i fellesanlegget.

## Nytt nasjonalt jordvernmål i 2023

Det er eit nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2000 dekar. Målet skal vere nådd innan 2030. Som Statsforvaltaren skriv er dette ei kraftig innskjerping av førre jordvernmål. Dette set krav til erstatningsareal om ein bygg ned jordbruksareal.

[Nytt nasjonal jordvernmål i 2023 | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no)

## Framleis mogleg å søke om midlar til Utvalde kulturlandskap i landbruket (UKL)



Slått av innmarka på Ytre Fure i krevjande terreng. Foto: Torstein Fure.

**Vi har framleis udisponerte UKL-midlar som det går an å søkje på - NY søknadsfrist 4.september 2023.**

Tiltaka skal hovudsakeleg bidra til å ta vare på og utvikle mangfaldet av jordbrukets verdifulle kulturlandskap og biologiske mangfald, men også ta vare på kulturminne, kulturmiljø og legge til rette for ferdsel og friluftsliv.

Vi oppmodar dei som har behov for gjerdetilskot for å få gjennomført tiltak i år til å søkje om dette. Så langt har 15 ulike tiltak fått støtte gjennom UKL-ordninga på Stadlandet i år. Vi er veldig takksame for alle dei som bidreg til å ivareta det unike landskapet vi har på Stadlandet!

Søknadsskjema: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nn/ordningar/jordbruk/tilskot-til-utvalde-kulturlandskap-i-jordbruket>

## SMIL-midlar

Det er SMIL-midlar igjen både i Gloppen og Stad. For Gloppen er det både inntrekte midlar og rest av tildelte midlar som er udisponert på kr 272.813,-. For Stad er det inndregne midlar i år på kr 106.680,- som ein kan bruke. **Søknadsfristen er sett til 1. september.**

## Kva er søknadspliktig når det gjeld landbruks- og skogsveg?

Landbrukskontoret får av og til spørsmål rundt kva som er søknadspliktig tiltak når det gjeld landbruksvegar. Om de er usikre, er det bra om de tek kontakt med oss for å undersøkje slik at ein slepp kjedelege ting i etterkant. ALL nybygging av permanent veg er søknadspliktig – uavhengig om det er 50 meter, 150 meter eller 500 meter! Ombygging av eksisterande veg som medfører breiddeutviding slik at vegen eigentleg får ei heving i vegklassa, er også søknadspliktig! Mindre tiltak som å reparere mindre skader, fyller på med grus eller anna reparasjon eller enkel opprusting av eksisterande landbruksveg er ikkje søknadspliktig. Dette kan vere vanskeleg å vite, så kontakt oss om du er usikker.

Midlertidige vegar som femner om ubetydelege terrenginngrep er ikkje søknadspliktige. Ubetydelege terrenginngrep vert definert som ei lengde inntil 150 meter og eit samla areal på 450 m<sup>2</sup> der fylling eller skjæring ikkje overstig 1 meter ut i frå opphæveleg terrengnivå. inntil 150 m er ikkje søknadspliktige. Merk at dette gjeld altså vegar som ikkje skal vere permanente, men som vert lagt tilbake etter bruk.

Skal du søkje om nybygging eller ombygging av landbruksveg, [skal du nytte søknadsskjema frå Landbruksdirektoratet](#). Når du søkjer skal det bestandig følgje med kart med innteikna trase. [Du kan sjå meir om utfylling av søknaden og naudsynte vedlegg hos Landbruksdirektoratet](#).

## Søk om tilskot til planting, suppleringsplanting eller ungskogpleie og refusjon frå skogfond

Mange skogeigarar har planta eller fått utført planting etter hogst på vårparten eller skal gjere dette no i haust. Gloppen kommune og Stad kommune har gode tilskotssatsar på planting (forynging) og ungskogpleie.

For å få refundert kostnader frå skogfondet ditt og få eventuelt tilskot, må du søkje kommunen. Dette gjer du ved å nytte [søknadsskjema som du finn hos Landbruksdirektoratet](#) eller du kan [søkje via Altinn](#).

Erfaringsmessig vert det mykje søknadar når det nærmar seg fristen, så vi rår til at du søkje så snart du har fått faktura på plantekjøp og eventuelt plantearbeid. Det er viktig at du sender med kart over området som er planta og kopi av faktura. Utan dette, får vi ikkje handsama søknaden.

Det er og viktig at du betalar fakturaen når den kjem, utlegget får du refundert i etterkant og det kan ta noko tid. Om du har spørsmål rundt utfylling av søknadsskjemaet, ta kontakt med oss, så hjelper vi deg. I tillegg til kommunen sitt kommunale tilskot



Granplante med voksbeskyttelse.  
Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

på 50 % på planting, så er det også eit statleg klimatilskot for tett planting. Om du ynskjer å få dette ekstra tilskotet, så **MÅ du sende inn søknaden før 1. september** (om det gjeld vårplanting).

## Tid for å planlegge ungskogpleie

Snart fell lauvet og då er det moglegheit for å drive ungskogpleie! Ungskogpleie vert gjort på ung skog i ein 8-10 års periode etter planting/forynging når bestandet er **mellom 1 og 5 meter** høgt og ved behov. Ungskogpleie kan både vere rydding av lauvtre og kratt og avstandsregulering. Det er viktig å gje dei nye trea plass og rom for å vekse. Då aukar du verdien på det tømmeret som ein gong skal takast ut og bestandet vert meir robust mot til dømes stormskadar og vindfall.

Det er gode tilskotsordningar for å drive stell av skogen og du kan løne deg sjølv med inneståande skogfond. Kommunen gjev 50 % tilskot til ungskogpleie og resterande kostnadar kan dekkast med skogfond. Om du ikkje har høve til å gjere det sjølv, kan du også leige inn entreprenør til å gjere jobben for deg.



Ungskogpleiekurs i Stad kommune. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

[Skogkurs har masse læringsressursar om kvifor og korleis ungskogpleie](#), så det er ingen grunn til ikkje å auke verdien på skogressursane dine. Kanskje får du også nokre fine haustdagar med sol når du held på.

## Ny runde med ervervskøyning for snøskuter i utmark



Skuterspor ein vinterettermiddag. Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

Ervervskøyning inneber at nokre få har løyve til å nytte snøskuter i utmark etter gjevne vilkår, og kan køyre på oppdrag frå andre som har behov for transport vinterstid. Føremålet med ei slik ordning er å redusere omfanget av køyringa i utmark, og forenkle arbeidet med sakshandsaming og kontroll.

Gloppen kommune har hatt ei ordning med ervervskøyning for snøskuter i utmark i ein femårsperiode. Denne perioden er no over, og i god tid før vinteren vil det bli lyst ny ordning for ervervskøyning. Personar som har hatt slikt løyve tidlegare, og nytta dette lovleg, vil bli prioritert framfor nye søkjarar. Dato for når

det vert lyst ut er ikkje klar enno, men følg med på heimesidene til kommunen.

Stad kommune ser no også behov for å samordne transportbehovet i utmark på vinterstid gjennom ei ordning for ervervskøyning. Kommunen vil derfor innføre ei prøveperiode for ervervskøyning før vintersesongen startar. Søknadsskjema vil bli lagt ut på kommunane sine heimesider i løpet av hausten.

## Hjortejakt 2023

Det vert sendt ut eit infoskriv til valdleiarane med meir informasjon før jakta. Dette kjem og på heimesidene til kommunane. Utdrag frå infoskrivet finn du under her:

### **Fellingsavgift (ettersøksavgift kjem i tillegg)**

#### Stad kommune:

Vaksen (1,5 år og eldre): kr 480,-

Kalv: kr 73,-

#### Gloppen kommune:

Vaksen (1,5 år og eldre): kr 384,- (4/5 av maksatts)

Kalv: kr 73,-



*Hjort. Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.*

### **Ettersøksavtaler**

Alle vald må ha på plass ettersøksavtale før jakta startar. Kopi av avtalar (som ikkje er med

Gloppen eller Stad ettersøksring) skal sendast til kommunen før jakta i valdet/jaktfeltet startar.

Det er mogleg å skrive avtalar digitalt med ettersøksjegar. Ettersøksjegar registrerer dette og vald/jaktleiar signerer avtala i Alltinn. Kopi av denne avtala kan sendast til kommunen.

### **Merka hjort**

Dyr som går med klave frå merkeprosjektet «Vesthjort» skal ikkje fellast. Om merka hjort med eller utan klave, eller tilhøyrande kalv vert felt, er det ønskeleg at skjemaet «[felt merka hjort](#)» vert fylt ut. Dyret må bli nøyaktig vege, kjeve takast ut og reinskjerast, og eit øyre skal leggjast i ein plastpose og frysast. GPS-halsband må handterast best mogleg. Det må skruast av, ikkje fjernast med kniv!

### **«Fri kalv»**

Alle godkjente vald i Gloppen og Stad kan nytte seg av kvotefri jakt på kalv. Kvotefri jakt på kalv kjem i tillegg til dei tildelte løyva. Retten til å felle eit fritt tall kalvar, vil då gjelde alle jaktrettshavarar i valdet. Den enkelte grunneigar må likevel samtykke til at kvotefri jakt på kalv kan utførast på sin eigedom. For sameige gjeld vanlege reglar etter sameigelova. I praksis kan kvar enkelt grunneigar/jaktrettshavar felle eit fritt tall kalvar på sin eigendom, men kan og gi løyve til andre.

Jaktleiar, eventuelt jeger/jaktrettshavar, er ansvarleg for at alle felte kalvar, uavhengig av kvote eller ikkje, rapporterast inn. Valdleiar er ansvarleg for å sende inn fellingsrapporten som skal inkludere alle dei skutte dyra. Det skal betalast fellingsavgift for alle felte kalvar. For meir informasjon om ordninga, sjå [hjortevilt.no](#).

### **Kjeveinnsamling/kontroll i Gloppen kommune**

Etter at Gloppen kommune vart teke ut av overvåkingsprosjektet til NINA i fjor har det vore diskusjonar rundt dette med kjeveinnlevering og eventuell kjevekontroll. Det vert skrive ei sak til Teknisk, miljø- og kulturutvalet som skal ha møte 24. august. Valdleiarane vil få tilsendt utfallet frå dette møte før jaktstart.

### **Rådyr**

Dersom de ser rådyr under jakta, vil vi på landbrukskontoret gjerne ha melding om dette.

